

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - januar 2025 57. årg.



STAVANGER BISPEDØMME 900 ÅR!



Unge medarbeidarar

side 6



Fasteaksjonen 2025

side 7



Kvardagsmøte

side 10



Kulturkveld

side 11

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
 Inngang frå Saronsbrotet
 heimeside: www.timekyrkjene.no
 post@timekyrkjene.no
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
 Diakon Time og Undheim:
 Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
 Assisterande kyrkjevevjerje:
 Siri Vik tlf. 906 43 758
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time
 Heimeside: www.timekyrkja.no
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
 Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177
 Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf 481 14 974
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf 489 97 102
 Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198
 Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf 482 79 806
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
 Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
 Heimeside: www.brynekyrkja.no
 Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
 Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
 Dagleg leiar:
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
 Vikar ungdomsleiar: Jon Torger H. Salte tlf. 984 16 231
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504
 Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825
 Kyrkjelydsutviklar:
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim
 Heimeside: www.undheimkyrkja.no
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
 Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
 Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@timekyrkja.no
 Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no
 Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Gamle-dager

«Har du levd i gamle-dager?», spør syv-åringen min av og til, og jeg ser meg nødt til å svare «ja» på spørsmålet: Jeg som vokste opp med fasttelefon, kassettspiller og bare én TV-kanal. Det er noe fascinerende med «gamle-dager». Jeg har selv alltid likt å høre besteforeldrene mine fortelle om gamle dager. Tenk at mennesker levde ganske annerledes for bare noen tiår tilbake.

De siste månedene har jeg fått forrette noen gravferder til mennesker som har levd svært lange og innholdsrike liv: to 90-åringar, ei på 100 og ei på 101. Tenk alt de fikk oppleve av store forandringer og utviklinger i samfunnet.

Jeg liker å høre pårørende fortelle om «gamle-dager», om den hvite konfirmasjonskjolen som etter konfirmasjonsdagen ble klipt av og farga sort til finbruk. Om bryllupsmiddager for 80 år siden som kunne være tomatsuppe til forrett, steik til hovedrett og sviskegraut til dessert. Om store søskenflokker som delte soverom på loftet hvor det ble fortalt skrøner når lampa var tidlig slukket for å spare parafin.

Så blir jeg alltid nysgjerrig på: Hva er essensen i et så langt liv? Hva har virkelig betydd noe? Hva holdt de gamle oppe så lenge? Hva var deres håp, deres motivasjon, deres drivkraft?

Hva satt de igjen med til slutt? For mange kommer da troen inn i bildet som en ressurs og en bærebjelke.

«Himmelhåpet»
 Et engasjement for å videreformidle Jesus-troen til neste generasjoner. En trygghet i å kunne legge dagen i Guds hender.

I disse samtalene lærer jeg mye om det som virkelig betyr noe i livet og det som bærer.

«De unge er menighetens framtid», sier vi, men like viktig er alle de som har levd i gamle dager, altså alle oss mellom 45 og 100. Vi som ligger noen år foran i løypa, trengs i menighetene våre som trygge, tilgjengelige trosforbilder. Selv om vi elsker å være på hytta, og selv om vi føler oss «ferdig med menighetsarbeid». De yngre etterlyser «åndelige foreldre» skriver Torbjørg Oline Nyli i sin bok med samme tittel (boka anbefales!). I boka kommer Nyli, til daglig pastor i Misjonskirken, med en oppmuntring og en utfordring: I Guds rike går du aldri ut på dato. I Guds rike har du en viktig rolle livet ut – om du lar Gud bruke deg! Troen kommer av forkynnelsen, men også av å høre om Guds trofasthet gjennom et langt liv. De fleste utvikler en tydelig tro før de fyller nitten. For å komme til tro, og for å vokse i troen, trenger vi noen å tro sammen med. For mange kristne, meg inkludert, har det å ha et eldre forbilde, vært avgjørende for troen. Fremdeles trenger jeg ekte trosforbilder som ligger noen år foran i løypa og som viser både sårbarhet og styrke. Jeg trenger å høre om hvordan Gud bærer i motgang og smerte, hvordan trosvaner kan holde i travlere tider og om et andaktsliv som gir næring til troen.

I dag vil jeg heie fram deg som har levd i «gamle-dager» og som trofast kommer på gudstjeneste søndag etter søndag. Takk for det gode, trygge forbildet du er, og takk for at du ved din tilstedeværelse, din tjeneste, inspirerer yngre til dedikert trosliv og etterfølgelse!

Nadine Vaagen
 Sokneprest Undheim



Framsidedfoto: Jubileumsbåt - jubileumsgudstenesta i Smieparken aug. 2023 - Foto: Kjell Ragnar Thu

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad.
 Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 10. mars

Jeg elsker jul. Sempelthen elsker jul. Jeg pynter huset i november, nynner på julesanger fra oktober og fryder meg over at desember er blitt en mer eller mindre unntaksmåned i livet mitt. I kirken tar vi endelig i bruk den første delen av salmeboken. I julen synger vi mange salmer som kunne fått plass i min «Min Salme», for det er noe kjært over dem alle. Kanskje det handler om følelsene de vekker i meg? Jeg blir et bekymringsløst barn som kjenner på spenning og glede. Kanskje det er gleden over å se at mine barn synger med i kirken, for «denne kan æg!» Jeg vet ikke. De fleste julesalmer vekker frem gode minner og en følelse av ro inni meg når det koker i desember. Julen er over, jeg vet det. Det er så sørgelig, synes jeg, at første del av salmeboken bare skal «legges bort» nå i 11 måneder. Men så er det en salme da. Som jeg synes noe ufortjent har havnet i julekategorien. Og det er min salme. Salmen «En krybbe var vuggen» er opprinnelig amerikansk, men ble oversatt til norsk av Eyvind Skeie i 1979. Jeg er mest glad i den melodien som brukes i USA, men er sterkest knyttet til Eyvind Skeies norske tekst. I løpet av tre vers klarer denne salmen å fortelle hva jeg tror på, hvem jeg tilhører og hva jeg ønsker for verden jeg lever i.

Det første verset avslører jo kjapt hvorfor salmen er plassert der den er plassert. Men så kommer andre verset da. Hvem er jeg? Jeg er elsket av Jesus, og jeg er (derfor) rik. I tredje vers, første strofelinje gjør Skeie kunstverket. Han oppsummerer hele bibelen for meg: «Fra krybben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til himlen for meg». I perioder av livet kan det blir vel stormfullt. Og i en travel småbarnshverdag kan det være vanskelig å finne tid og rom til åndelighet. Da er det godt å ha en salme som oppsummerer det hele. Som kan synges når man bretter klær, når man kjører til turn, sykler til fotballtrening eller har en etterlengtet fristund (på do). Siste setning blir min bønn. For min familie, mine venner, for verden. Men aller mest en bønn for dem som ennå ikke har sett barnet på leiet av strå:

«Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
Så alle kan samles i himlen hos deg».

Kjære Gud, når eg bed,
Lat min tanke kvile i fred,



En krybbe var vuggen

T Amerikansk 1885 (v. 1) Eyvind Skeie 1979
(v.2-3) M William J. Kirkpartick 1895

1. En krybbe var vuggen som ventet ham her,
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.
Men stjernene lyste helt inn der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet av strå.
2. Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.
3. Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himlen hos deg!



Randi Tjelle

STAVANGER BISPEDØMME 900 ÅR!

Så er feiringa i gang. Stavanger bispedømme, Stavanger by og Stavanger domkyrkje feirar 900 år. Programmet er mangfaldig. Sjekk gjerne <https://www.kirken.no/nb-NO/bispedommer/stavanger/jubileum%202025/>

Mykje vil føregå i og rundt Stavanger. Mange vil sikkert få med seg ein del av det. Men jubileet skal også ha gode nedslag her i våre kyrkjelydar også.

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

Her er litt av det:

Temagudsteneste om å vera gjestfri kyrkje i kyrkjene våre i januar

Kveldsgudstenesteserie om jubileet sitt kjerneord SAMAN i Bryne kyrkje. Sjå eigen artikkel

- **Time historielag og Bryne sokneråd** har godt samarbeid i gang. Historielaget har laga artikkel og film om kyrkjevegar i Time og planlegg ei vandring i mai. Tysdag 18.mars vert det **kulturkveld i Bryne kyrkje** om kyrkja og landslova av 1274 si rolle i samfunnsutviklinga. Sjå eigen artikkel og annonse. Sondag 28.september er det planar om ein **kulturkveld i Time kyrkje**, prega av salmesong og lokal kyrkjehistorie.



- **Jubileumshelg** for heile **Jæren prosti** 4.- 6.april. Då kjem biskopen til prostiet, og prosten held i trådane. Fredag kveld vert det **kulturkveld i Nærbø kyrkje** med SAMAN som tema. Ein mangfaldskonsert med stor breidde! Laurdag vert det «**Kyrkjesafari**», ein busstur til utvalde kyrkjer i prostiet. Mat undervegs og program i kyrkjene. Lisabeth Risa er guide. Følg med når påmeldinga kjem! Sondag kveld kl.18 vert det **gudsteneste i Bryne kyrkje** for heile prostiet, med biskopen og jubileumsfokus.
- Den store jubileumsmarkeringa i **Pinshelga 7.- 8.juni**. I Stavanger vert det stor feiring både laurdag og søndag. Alle barnekor og kulturskular er inviterte til å skapa yrande liv rundt Domkyrkja laurdag 7.juni: Vel verd å ta turen til byen og få alle 3 jubilea i eitt, i eit **"900 x HURRA - ei glede til heile folket"** med song, dans og leik! På pinsesundag kjem den store **festgudstenesta** i Stavanger domkyrkje. Alle sokn i bispedømmet er oppfordra til å feira jubileumsfestgudsteneste i si lokale kyrkje. Helsing frå biskopen og andre idear og ressursar vert sende til kvar kyrkjelyd. På måndag 2.pinsedag er det både økumenisk pinsefestival i Stavanger og **felleskyrkjeleg friluftsgudsteneste på Krosshaug**.
- Og endå er det ikkje slutt! Kyrkja er ikkje bare god til å feira fortida, men vil gjerne **forma framtida**. Også sommar med Gladmatfestival, katedralsamtalar og utvandrarjubileum, samt haust med pilegrimsvandringar, konsertar og kultursamlingar vil hjelpa oss til å vera SAMAN om kyrkja si framtid, til beste for folk og samfunn.



900 ÅR
STAVANGER
2025



Unge medarbeidarar i Time-kyrkja

Me likar å sjå unge blant oss i Time-kyrkja, og Helgedagen har møtt to nye, smilande, ivrige og interesserte ungdommar som hjelper til ved gudstenestene i Time, Johannes Høie Hetland og Ingeborg Mæland.

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Johannes er kyrkjetenar i helger i Time, sidan juni 2024. Han blir 16 år dette året og går i 10. klasse på Tryggheim ungdomsskule og bur på Bryne. På fritida spelar han piano - og likar å halda på med trearbeid. Johannes styrer spakane med stødig hand under gudstenestene. Første erfaringa med ein slik jobb fekk han i arbeids-praksis i Bryne kyrkje. Han likte arbeidet, og sidan han fekk anbefalt kyrkjetenar-jobben i Time av bror sin, så var valet lett: Han søkte og fekk jobben! Han seier at han trivst i arbeidet - og likar å hjelpa til.

Ingeborg Mæland er tilkallingsvikar som klokkar - for Maren Dyngeland. Ho fekk telefon frå Frode Skårland, dagleg leiar i Time kyrkjelyd, om ho kunne tenkja seg å vera klokkarvikar. Det sa ho ja til, på direkten! Ho fekk vera saman med Maren ein søndag og Ragnhild Dyngeland ein annan søndag, og så kasta ho seg uti! Ingeborg blir òg 16 dette året, og bur på Lye. Ho går i same klasse som Johannes på Tryggheim. Ingeborg driv med song, piano og fotball på fritida, men som ho seier, søndagane er ledige. Ho trivst òg i jobben. - Det er hyggeleg å vera ein del av gudsteneste-gruppa, og det gjer ingen ting om me er yngre enn dei fleste her!



Fasteaksjonen 2025, tysdag 8. april

Over heile Noreg gjer konfirmantar og konfirmantforeldre seg klare til å samle inn pengar til tiltak som reddar liv rundt om i verda denne dagen. Det gjer me her i Bryne, Time og Undheim òg. Fasteaksjonen er konfirmantane sin innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp, og tema er «Håp i ein dråpe vatn». Dette er heile kyrkjelyden sin aksjon, og du kan bidra med å støtte aksjonen når konfirmantane og konfirmantforeldra våre kjem på døra med bøssene. - Ta vel imot dei, og gi dei gjerne litt i bøssa når dei kjem.




FOTO: Håvard Bjelland / Kirkens Nødhjelp




FASTEAKSJONEN 06.-08. APRIL 2025

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom, krig og konflikt. Bli med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det mest. Støtta frå deg reddar liv.

Vipps til 2426

www.fasteaksjonen.no



«Portaler til tro»
ønsker å gi rom for
noe større og gjøre Gud
mer tilgjengelig.

portalertiltro.no

Opplev Gud på ulike måter

Mange forbinder tro med kirke, bedehus eller mennesker. Tro kan være så mye mer. Vi kan erfare troen ulikt, og vi oppdager tro på forskjellig vis.

«Portaler til tro» er åtte portaler som handler om livet, om små og store erfaringer du kan ha i møter med natur, kultur, mennesker, kirken, Bibelen, høytidene og deg selv. Opplevelser som på ulike måter kan berøre deg.



Naturportalen

Kan det være slik at Gud strekker seg mot oss og berører oss når vi er i naturen? At Gud er til stede og møter oss der?



Kulturportalen

Kulturen speiler både de lyse og mørke dagene i livet, og kan peke mot noe grunnleggende i oss. Kan vi møte Gud og det hellige i kunsten og kulturen?



Relasjonsportalen

Kan Gud berøre oss gjennom andre mennesker, gjennom hvem de er og hva de gjør? Kan andres liv og fortellinger inspirere til tro?



Kirkeportalen

På hvilken måte kan kirkerommet og de kirkelige handlingene invitere til noe hellig og guddommelig?



Høytidsportalen

Hvordan kan høytidene jul, påske og pinse åpne opp for tro og bringe oss nærmere Guds kjærlighet og vår omsorg for hverandre?



Bibelportalen

Hvordan kan Bibelens fortellinger være en kilde til refleksjon og tro?



Fred og ro-portalen

Noen ganger trenger vi ro i kropp og sjel. Koble av fra støy og inntrykk og gi rom for oss selv. Kan fred og ro åpne opp noe større - for Gud?



Din portal

Mennesker er forskjellige, og trosrommet er stort. Denne portalen handler om å være der du er - i det som betyr noe for deg.

Gud ønsker å møte mennesker der de er.
Kanskje kan portalene åpne opp for Gud der du er?



Bruk kameraet på mobilen din for å scanne QR-koden og komme til **portalertiltro.no**. Her kan du lytte, lese og se bilder - og få påfyll av kunnskap om tro, Gud og kristendommen.

Laget av Dnk, Stavanger bispedømme.

Kvardagsmøte med Gabriel Tengsareid

Helgedagen møter Gabriel Tengsareid på pauserommet på kyrkjekontoret. Her er Gabriel heimekjend - etter talrike redaksjonsmøte i Helgedagen akkurat her. Han er ein av dei mange trufaste frivillige som får hjula til å gå rundt i kyrkjelyden.

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND



- fødd 1941 i Eigersund kommune
- oppvaksen på Vingård, eit lite småbruk sør for Tengs
- barneskulen på Fotland 2-delte skule
- lektor-utdanning ved universitetet i Oslo med faga fysikk (hovudfag i atom- og kjernefysikk), kjemi og matematikk
- arbeid i mange år på Bryne gymnas

Korleis kom du inn i Helgedagen-arbeidet?

Jo, i 2008 fekk han ein telefon frå Else-Marie Bue, dei trong hjelp med layout-arbeidet i Helgedagen - om han kunne ta ansvar for det? Og sidan han var pensjonist, sa han ja. Det vart starten på eit langt og godt samarbeid mellom dei to. Gabriel er blant dei mange som tykte Else-Marie var flink til å formulera seg, god på korrektur, og ho ville at bladet skulle ha ein høg kvalitet på alle vis.

Ho var også oppteken av layouten, korleis bladet skulle sjå ut, og det var her Gabriel kom inn. Gabriel hadde frå 1998 til 2002 vore innom layouten i Helgedagen, så han hadde ei viss peiling på kva han gjekk til. Gabriel understrekar at han er ein amatør i dette faget, men han hadde skaffa dataprogrammet

InDesign. Det vart ikkje så mykje brukt av Gabriel, men då Knut Aalgaard vart med på laget i 2012, var det ein stor fordel at Knut kjende til og kunne bruka det redigeringsprogrammet - med svært godt resultat.

Bladet var lenge i svart/kvitt. Dèt var eit økonomisk spørsmål. Farge var dyrt. Sidetalet måtte òg haldast nede, så stoffet måtte pressast inn på så få sider som mogeleg. Redaksjonen fekk då eit godt råd av Bjørn Reidar Kleppe i Jærprint: Fleire annonsar gjev betre økonomi! Og etter at "ein god gjeng" hadde gått ut til butikkar og bedrifter på Bryne og fått god respons, dekte annonse-inntektene utgiftene til trykking. Og bladet kom i fargar! Nå kunne sidetalet aukast, og det vart betre plass til stoffet. Her kan nemnast at Gabriel i mange år, like til nyleg, var aktivt med på å samla annonsar til Helgedagen.

Gabriel vil òg trekkja fram at dei var svært fornøgde med Jærprint og samarbeidet med trykkeriet.

Tidsfristar har vore - og er - eit tilbakevendande problem, men Gabriel meiner det vart betre då planar og fristar for heile året vart oppsette. Han tykkjer òg at fargane etter årstidene gjorde bladet fint.

Frå 2012 til 2016 samarbeidde Gabriel og Knut om layouten i bladet, og i 2017 slutta Gabriel i Helgedagen. Men han sakna det gode samarbeidet i redaksjonen. Kryssordet i Helgedagen er det framleis Gabriel som lagar, men han er i sluttfasen der nå, seier han, så her skulle vore ein arvtakar!

Kva har vore drivkrafta for deg til å halda på så lenge?

Eg såg at arbeidet mitt trongst, at eg kunne hjelpa, sjølv om eg er ein amatør på området, sjølvlærd på data som eg er. Men det var interessant, og kompetansen auka etter kvart.

Det var kjekke folk å samarbeida med i eit gjevande arbeid, der me fekk til eit godt blad.

Kulturkveld i Bryne kyrkje 18.mars

Velkommen til den årlege kulturkvelden som Bryne sokneråd og Time historielag står for. I år er tematikken knytta til bispedømmejubileet og kyrkja si rolle i historia.

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

Gode føredrag kombinert med musikk, korsong og allsong har treft godt dei siste åra. Time kulturskule og blandakoret Jærklang bidreg til det.

I år får me innblikk i dei gamle kyrkjevegane i Time, knytte til ein artikkel i årboka 2024, av Reidun Gudmestad.

Hovudføredraget held professor Jørn Øyrehagen Sunde: *Gud, konge og biskop* – *Gud i Landslova av 1274 og tilhøvet mellom konge og biskop*

Knapt noko historisk dokument har forma, skapt og samla Norge, som kong Magnus Lagabøters 750 år gamle landslov.

Eigentleg skulle han ikkje bli konge. Storebror hans sat ved faren si side på trona, medan den unge prinsen vart utdanna hos dei fattige fransiskanarmunkene, langt frå slottet. Då han likevel vart krona som kong Magnus 6., vart han den einaste kongen i norsk mellomalder som ikkje førte krig. I staden skapte han Landslova, ein grunnstein i norsk politikk, rett og samfunn.

Kong Magnus Lagabøter er ein av dei mest fascinerande norske kongane. Han levde i eit hundreår der Norge utvikla seg i stor fart, bort frå dei blodige borgarkrigane og inn i ei tid der landet vart bygd med ei lov som endra tenkinga rundt fattige, kvinner og straff.

Likevel er han kanskje den norske mellomalderkongen vi veit minst om. Med stor kunnskap og suveren formidlingsevne har professor Jørn Øyrehagen Sunde reist Norge rundt med føredrag og skrive boka *Kongen, lova og landet*. Han får fram historia om ein forunderleg mann og ei nesten eventyraktig tid som likevel er overraskande attkjenneleg og moderne.



Jørn Øyrehagen Sunde

I føredraget i Bryne vil han snakka om utbygginga av kyrkja i Europa og Noreg, og korleis kongsmakta kopierte kyrkja sine styringsstrukturar når den etablerte det vi i dag kallar ei statsmakt. Både kyrkje og konge meinte å forvalta Guds vilje på jorda. Den hadde same funksjon i rettssystemet i mellomalderen som grunnlov og menneskerettar har i dag.

Jørn Øyrehagen Sunde er professor i rettshistorie ved Institutt for offentlig rett i Oslo, forskar på Nasjonalbiblioteket, og den fremste ekspertten på Landslova av 1274. Han har fleire prisar for formidling og forskning.

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSSEN

BABYSONG 0-1 ÅR

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær.

Time

På Lye forsamlingshus har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30 annankvar onsdag.

Bryne

I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30 i kyrkjesalen.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode



SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time-kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro.

Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss.

Kl. 16.30-17.00. Oppstart torsdag 13. februar.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR_kode:



GRUPPENE VÅRE ER MELDE INN I SØNDAGSSKOLEN-NORGE

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte basert på antal betalande medlemmer i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskolen. Barna kan vera medlemmer i fleire grupper i søndagsskolen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga.



Søndagsskolen
- mer enn du tror

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus - frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



Bli trusopplæringsabonnet

Får du ikkje invitasjon i posten? - Bli trusopplæringsabonnet. Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

- 0 år - Dåp og dåpssamtale
- 0-1 år - Babysong
- 1 år - Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
- 2 år - Undretur i kyrkjene med utdeling av «songposen min»
- 3 år - Krøllekveld
- 4 år - 4 års klubb og utdeling av Barnebibel
- 5 år - Kor kick-off, felles i Bryne kyrkje
- 5 år - Adventsklubb

Barnefamiliar - Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

- 1. klasse - Påskemysteriet
- 2. klasse - Superheltsamling
- 2. klasse - Plan B - aktivitetsdag
- 3. klasse - Tårnagenthelg
- 4. klasse - 10 års fest for dåp
- 5. klasse - Tweens-Kick-off
- 6. klasse - Lys vaken
- 9-13 år - 9:13 i Bryne kyrkje
- 9. klasse - Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.

Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold

KVELDSGUDSTENESTER

Bryne kyrkje | Våren 2025

Alle gudstenester startar kl. 19

Saman



900 ÅR

STAVANGER
2025


Foto: Kirken.no

Saman

Denne våren ønskjer Brynekyrkja å ha fokus på det same som heile Stavanger bispedømme. I over 900 år har folk kome SAMAN i kyrkja, for å be, feira gudsteneste, syngja og vera saman i sorg og glede. Når bispedømmet, domkyrkja og Stavanger by fyller 900 år, er kjerneordet SAMAN. Saman om varige spor i historia og i det som kyrkja kan vera og bety i dag og i framtida.

Biskopen har utfordra oss til å feira temagudsteneste om nestekjærleik og det å vera gjestfri kyrkje. Prosten har samla prestane, diakonane og kyrkjemusikarane til gode idéar om dette.

I Brynekyrkja blir slikt ein heil kveldsgudstenesteserie! Sjå annonse side 21.



Strømmestiftelsen

BEKJEMPER FATTIGDOM



Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?


Send **VIPPS til 13130** (valgfritt beløp)

Send **SMS "BK VENN" til 2210** (kr 100)



– Å gjøre en forskjell for andre føles godt.

Frivillig i Kirkens SOS



Vi trenger flere frivillige.
Bli en av oss.

kirkens-sos.no/frivillig



MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".

Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

Om pengar og om Garborg

I skrivande stund er me i slutten av januar. Det er mange annonser og plakatar om «Januarsal». Samtidig vert det arrangert Garborgdagar her på Bryne.

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Arne Garborg har skrive nokre tidlause ord om pengar og om andre verdiar som er like sanne meir enn hundre år etter at han døydde, og som gjeld like mykje kvar einaste månad heile året.

Då eg leitte etter teksten på nettet, kom det opp ei for meg ny og interessant opplysning. Denne teksten er opprinneleg skriven som ein tekst til ei lesebok for barn mellom sju og fjorten år. Etter førti år i skulen, slår det meg at dette kanskje er noko elevane bør få inn med skulemjølka. Det er lett å sjå sanninga i orda når ein les dei, men lett å gløyma når ein står der med mobilen og lommeboka og ser på ting ein kan kjøpa fordi ein fortener det, og alt ein kan bruka pengar på for å få eit «rikare og lukkelegare» liv.

Som gode jærbruar unner me oss å lesa teksten slik han står skriven med Garborg sine ord og stavemåtar.

Eg trur me av og til treng å minna kvarandre på at dei verkelege verdiane ikkje først og fremst ligg i ting me kan kjøpa.



Um pengar

Pengar hev ikkje noko verd i seg sjølv. Du kan ikkje eta dei, ikkje drikka deim, ikkje klæda deg med deim.

Du kunde hava lumma full av pengar, og svelta, tyrsta, frjosa i hel,
- um der ikkje var mat og drikka og klæde å faa.

Pengar er lang ifraa det største gode, ikkje det næst største heller.
Men dei er eit stort gode for den som brukar deim vitugt.

For pengar kann ein faa alt, heiter det.
- Nei, ein kann ikkje det.

Ein kann kjøpa seg mat, men ikkje mathug, dropar, men ikkje helsa, mjuke senger, men ikkje svevn, Lærdom. men ikkje vit, stas, men ikkje venleik, glans, men ikkje hygge, moro, men ikkje gleda, kameratar, men ikkje venskap, tenarar, men ikkje truskap, graae haar, men ikkje æra, rolege dagar, men ikkje fred.

Skalet av alle ting kann ein faa for pengar, Men ikkje kjernen; den er ikkje for pengar fal.

Arne Garborg



Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på

FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

www.jmradio.no

Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00

Tirsdag: 08.30 - 09.00

Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00

Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.**

Helgedagen – ditt mest lokale tidsskrift

Etterlysing

**Helgedagen treng annonsører for framleis
å kunne dele ut bladet gratis til folk i Time**

- Har du eit firma?
- Kjenner du nokon som har eit firma om kunne ha nytte og glede av å ha annonse i Helgedagen?

Kvifor

Med opplag på over 6000, når me i overkant av 90 prosent av husstandane i Time kommune

Me har to typar avtalar.

- Årleg avtale – må fornyast kvart år.
- Løpande avtale - går kontinuerleg, men kan seiast opp før kvart årsskifte.

Ta kontakt med kyrkjeverje Jostein Tollaksen
tlf 909 88 880 eller post@timekyrkja.no

På førehand takk



KVINNENES INTERNASJONALE BØNNEDAG

Fredag 7.mars har Kvinnenes internasjonale bønnedag fleire samlingar på Jæren. Programmet for bønnedagen er laga av kristne kvinner på Cookøyane i Stillehavet.

TEKST: TONE MOSEID

Tema er "Eg skapte deg unik, du er underfullt laga", som viser til Salme 139.

Kvinnenes Internasjonale Bønnedag starta i USA i 1887, då kvinner frå ulike kyrkjesamfunn samla seg om ein felles bønnedag. Årsaka var nauda dei såg blant immigrantar og etterkomarar av slavar. I dag har bønnedagen (World Day of Prayer) komitèar i 170 land og regionar. Den dagen ynskjer kvinner over heile verda å stadfesta si tru på Jesus, dela håp og bekymringar og be i lag.

I Noreg har ein hatt samlingar på bønnekvinnedagen sidan 1927. Over heile landet vert dagen markert den første fredagen i mars kvart år. På Jæren er det tverrkyrkjelege bønnesamlingar blant anna i Misjonskyrkja Bryne og på Fotland bedehus.

Kollekten i år går til Wycliffe Norge og organisasjonen Menneskeverd. Wycliffe trykker og distribuerer barnebøker og barnebiblar til dei ulike språkgruppene på Cookøyane. Menneskeverd arbeider for vern om livet frå byrjing til slutt.




KVINNENES INTERNASJONALE BØNNEDAG 2025

Fredag 7.mars
Tema: "Eg skapte deg unik,
du er underfullt laga"

Fokus i år er kvinner
på Cookøyane i Stillehavet.

Fotland bedehus kl.14
Misjonskyrkja Bryne kl.19
Kollekt og servering.
Velkomen til fellesskap og bøn!




Hokuspokus

TEKST: IVAR JOHANNESSEN

«Dette var då ikkje noko hokuspokus». Me brukar det når me vil seia at noko ikkje er vanskeleg. Særleg vert det nytta om me på førehand trudde det ville vera bortimot umogleg å gjera, men så klarer me det trass alt. Då vert det noko vi utbryt i rein lette.

Tryllekunstnarar kan og nytte «hokuspokus» når dei gjer triks. Dei kan gjerne leggja til «filiokus». Me har nok høyrte det når artisten dreg ein kanin opp av hatten, eller gjer noko anna der me ikkje skjønar kva som skjer. Hokuspokus vert då noko magisk, noko me ikkje forstår og ikkje trur me kan gjera sjølv.

Ordet «hokuspokus» kjem frå Bibelen i latinsk omsetjing, og frå nattverdsliturgien. Før han vart korsfesta, heldt Jesus måltid saman

med læresveinane. Her innstifta han nattverden. I Matteus 26,26 gjev han læresveinane brød, og seier: «..... Dette er min kropp.» I latinsk omsetjing, som lenge var kyrkja sitt språk, vert det «Hoc est corpus meum». Då presten, medan latin ennå vart nytta, delte ut brødet under nattverden, sa han «Hoc est corpus Kristi», ut ifrå det Jesus sjølv sa. «Hoc est corpus» vart så forandra til «hokuspokus». Både språk og innhald vart forvrengt. Kanskje dei ikkje forstod kva som skjedde under nattverden? Dei fekk eit brødstykke, det såg ut som og smaka brød, men vart sagt å vera Kristi kropp. Det måtte vera noko magisk, noko hokuspokus.....

PS: «Filiokus» kjem av det latinske ordet «filioque» som tyder «og sonen». Men det er ei anna historie.



Dåp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

Barnekoret i Brynekyrkja

Frå 4 år- 4.klasse

Torsdagar i
Partalsveker
Kl. 17.30

Etter øvinga er det
kveldsmat til alle i
kjellaren



T-koret

- Koret for tweens og teens
5. klasse og oppover

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 19-20
i Bryne kyrkje



Vil du gi en gave
til Normisjon?



normisjon

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00

misjonsalliansen 

Kveldsgudstenester

Bryne Kyrkje - våren 2025

Sundag 26. januar

Saman - som gjestfri kyrkje

Diakon Marit Høie Hetland

Musikk: Sindre Øgaard

Sundag 2. mars

Saman – i samtale rundt
bordet

Lars Slettebø, Kirkelig dialogsent

Musikk: Misjonskorpset, Egersund

Maria bodskapsdag

23. mars

Saman – med kvinner som
viser veg

Kristin Fjelde Tjelle, VID

Musikk: Time kulturskule

Skjærtorsdag 17. april

Saman – ved Meisteren sitt
bord

Sokneprest i Undheim, Nadine Vaagen

Musikk: Ingrid Helgeland, fløyte

Velkommen til kveldsgudstenester

med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring



DEN NORSKE KYRKJA

OPEN KYRKJE



Velkommen til OPEN KYRKJE våren 2025

Alltid første måndag i månaden kl. 18:00-20:00

Dei neste datoane er:

3. mars, 7. april, 5. mai og 2. juni.

Stad: Kyrkjesalen i Bryne kyrkje.

Velkommen til Open kyrkje. Brynekyrkja vil gje rom for bøn, ro og ettertanke. Kyrkjesalen er open. Me lever i ei uroleg samtid som mellom anna er prega av aukande polarisering. Då kan det vera godt å koma saman i kyrkja. Det vert gjennomført ein enkel liturgi.

(Open kyrkje i kyrkjesalen er samtidig med at det er Open-kyrkje-kafé i kjellaren, for dei som ønskjer å få med seg begge delar.)

Open-kyrkje-kafé

Stad og tidspunkt: Kyrkjestova i Bryne kyrkje kl. 18:00-20:00

Alltid første måndag i månaden:

Datoar:

3. mars

7. april

5. mai

2. juni

Kyrkjestova i kjellaren i Brynekyrkja er open, og me inviterer med dette til ein triveleg møteplass der ein kan få seg ein kopp kaffi og noko enkelt å eta. Kom gjerne innom dersom du synest dette høyrst gildt ut, og ta gjerne med deg fleire. Kanskje treff du nokon nye folk?

Arrangør:

Diakoniutvalet i Brynekyrkja

Open-kyrkje-kaféen i kjellaren er samtidig med at det er Open kyrkje i kyrkjesalen, for dei som ønskjer å få med seg begge delar.



VELKOMMEN

 **Bryne
Kyrkja**

Stavanger bispedømme 900 år:

Kulturkveld i Bryne kyrkje tysdag 18.mars kl.19

Føredrag ved professor Jørn Øyrehagen Sunde:
Gud, konge og biskop
– Gud i Landslova av 1274 og tilhøvet mellom
konge og biskop

- Allsong, korsong og musikk
- v/ Blandakoret Jærklang og Time kulturskule
- Matsservering
- Historier og bilete om kyrkjevegane i Time

Inngangspengar: Kr.150,-

Arrangør: Time historielag og Bryne sokneråd



Misjonssamling i kjellarstova Bryne kyrkje

Måndag 31. mars kl 19.00

Fersk informasjon om Madagaskar og
misjonsprosjektet "Døve og blinde på
Madagaskar" ved Hans Austnaberg og Helga
Johannessen.

God tid til samtale og spørsmål.
Kaffi og noko å bita i.

Arr: Misjonsutvalet



Glade barn som får gå på blindeskolen på
Antsirabe, Madagaskar



Velkomen til Sundagstreff

Bryne kyrkje våren 2025

Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong

+ kaffi & drøps i kyrkjestova

Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Datoar for våren, merk dei av på kalenderen din:

- Sundag 16. februar kl.18.00
- Sundag 16. mars kl.18.00
- Sundag 13. april kl.18.00

Torsdag 15.mai blir det grillfest!

Det blir sendt ut eigen invitasjon
med tid og stad.



Velkommen til Torsdagstreff

Triveleg samvær i kyrkja for målgruppa +/- 60.

Bryne kyrkje Kl: 14:30-16:30.

Kommande datoar er:

- 20. mars Anestesilege Svein Arne Hapnes fortel om arbeidet på redningshelikopteret. Matservering, songstund og andakt
- 24. april Gaute Rasmussen har misjonskåseri frå Bangladesh. Matservering, songstund og andakt
- 22. mai Tur til Sjernarøy. Påmelding!



 Bryne
Kyrkja

Innvandrartreff

kvar tysdag kl. 19:30-21:00

- 18. og 25. februar
- 4., 12., 18. og 25. mars
- 1., 8., 15., 22. og 29. april
- NB! 8. april går ut p.g.a. fasteaksjon
- 6., 13., 20. og 27. mai

NB! Det blir grillfest den 13. mai
Er du nysgjerrig og vil vita meir?

Send ein SMS til diakon Maria Praxedes Slettebø på mobil: 98028690



Husbasar på Lye forsamlingshus

Laurdag 15. februar 2025 kl 16.00



- Andakt av Jacob Årdal
- Song av Barnegospel
- Sal av mat, årer og loddbok

Mange flotte gevinstar!

Gavekort frå blant anna:

- Fagmøbler,
- Flor og Fjære,
- O Hetland,
- Jæren Hotell,
- Il tempo Bryne

... og mange andre flotte gevinstar.



Fredagskveld på Kyrkjetoget Time kyrkje

28.mars kl. 19.30

Kveldens gjest: Rolf Heskestad
Saksofon: Torvald Tjøland

Fredagskveldane på Kyrkjetoget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet.
Komitéen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen



GRØN DAG

Kyrkjeparken ved
Undheim kyrkje


Laurdag 3.mai
kl.11.00-13.00

Plantesal og kafé.
NMS i Time

Helgekryssord 1/25

LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Hjernetrim



Vassrett

1. Vegvisar (Salme 119)
16. Lyne
18. Like konsonantar
19. Tollar i Jeriko
21. Aktør med bushfly
22. Gnagaren
25. Nummer 1 og 15
26. Telefon
28. Åre
30. Tal
31. Digitalradio
33. Eldstaden
35. Rein
36. Samanfelling
37. Kroppsøvingar
41. Son av Efraim (1.Krøn. kap 7)
42. Nær ved
44. Tiltrekkinga
48. Megabyte
49. Via
50. Retning
51. Nedederland
52. Kjærleiksgud
53. Utriveleg
54. Gje bryst
55. Språk brukt i Etiopia og Kenya

61. Lufttomt rom

53. Husdyrrase
56. Opplysa om
58. Gælzarane
59. Rovdyr
60. Sist og først
62. Slag
64. Ljomar
67. Radon
68. Sant å seia

Loddrett

2. Omfattar
3. Mannsnamn
4. Skina
5. Rovdyret
6. Like konsonantar
7. Guds vitne
8. Spansk elv
9. Nabobokstavar
10. Renne (omv.)
11. Hatt på seg
12. Hovudplagg
13. Laga ost
14. 1000 m
56. Dunge
57. Retning

D	E	S	K	A	L	F	I	N	N	A	E	I	T					
J	U	L	E	V	A	N	G	E	L	I	E	T	H	O	R	E	B	
U	R	E	T	T	I	M	P	R	E	G	N	E	R	E	R	E	K	A
P	O	S	E	A	S	A	R	U	T	T	I	M	E	V	I	S	A	R
A	P	O	S	T	E	L	E	N	G	A	V	B	A	D	A	R	E	N
R	A	T	T	E	N	D	A	N	E	G	E	L	R	A	G	A	R	
A	D	H	E	L	S	E	-	M	A	R	I	E	B	U	E	O	S	
P	L	O	M	B	E	R	S	U	R	A	M	M	E	O	R	O	M	O
I	E	I	K	R	U	B	B	E	V	A	K	U	U	M				
G	G	I	L	G	O	T	P	E	I	V	S	R	E					

Løysing til Helgekryssord 5/24

58. Petroleums-selskap
59. Vent (imp.)
60. Like vokalar
61. Vice Versa
62. Klokke
15. Gripa
17. Tynt tau
18. Gresk bokstav
20. Lita raud frukt
23. Like konsonantar
24. Hovudpynt
25. Namnetrekk

27. Dagsavis i Vestland
29. Konjunksjon
32. Avgud
34. Kvilestad for krøter
38. og vann
39. Kommune
40. Skred
41. Innlevingsevne
43. Svarord med tvil
45. Gjer glad
46. Hjørne

47. Kjedelege
52. Krigsgud
54. Sankta
55. Trivnad
57. Plass
61. Merksemd
63. Utstikkar
65. Vaskepulver
66. Allereie
69. Tone
70. Nesta
71. Polen
72. Ditto




Barnas

Fargelegg!

Prikk til prikk


Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymmer seg her?



Vits:

Har du høyrte om klovnene som slutta i jobben fordi alle lo av han?

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Teikning: Chiara Bertelli

Finn 10 guttenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 guttenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N



Gi bladet **Barnas** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!



SONGSVANA

Frostrøyk over damstilt vatn. Ein liten flokk songsvaner sig framover og brått høyrer du trolske, trompetliknande rop. Har du opplevd dette, så gløymmer du det ikkje!

TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

Songsvana er som ei dronning med den snøkvite fjørdrakta si og det skinande gule nebbet. Ho er litt mindre enn den meir kjende knoppsvana og skil seg elles frå denne med den rette halsen og fargen på nebbet. Her på Jæren er det særleg no om vinteren at me kan få sjå desse flotte fuglane. Elles i året held dei fleste til i nord, men det finst hekkande par også i Sør-Norge. Para lever saman heile livet, og kjem oftast tilbake til same reirplass år etter år. Songsvana legg vanlegvis 4-6 egg. Egga vert klekte etter ca 35 dagar, og ungane forlet reiret straks dundrakta er



tørr. Songsvana lever av plantekost som dei finn på grunt vatn. Vinterstid ser ein dei gjerne beitande på innmark.

Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne. Gruppene er livssynsopne.









Grupper for vaksne

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit@timekyrkja.no
 Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no
 eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

Barnegruppe


Det finst òg gruppe for born mellom 4. – 7. klasse. Desse gruppene er spesielt tilrettelagde for born. For meir informasjon om desse gruppene, ta kontakt med diakon i Bryne på tlf. 911 63 039 eller marit@timekyrkja.no



<p>EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN</p> <p>Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634</p>	 <p>Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com</p>	 <p>DEN NORSKE KYRKJA</p>
<p>Sjekk Punkt SILVERSTED</p> <p>www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS Prestegardmarka 1 4340 Bryne</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>eK Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	 <p>Bogh Lafoe BILSALEG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>
<p>DI ANNONSE HER?</p>	<p>SpareBank 1 SØR-NORGE</p>	 <p>TIMEELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>
	<p>container utleie Renovasjons- service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>	 <p>OPTIKK&SYN Jubileum 2014-2024 Storgata 40 Bryne - Tel: 5148 80 04</p>
<p>PRIVATMEGLEREN JÆREN</p> <p>Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no</p>	 <p>Rogalandshus</p>	
<p>REMA 1000 Håland</p>	 <p>Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it</p>	<p>haver</p> <p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
 <p>e i k h i</p>	<p>EL-TEAM Elektroentreprenør</p> <p>elkonør medlem av Elektro Norge</p> <p>Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net</p>	<p>bryne rør</p> <p>Telefon: 51 77 82 00 post@bryneror.no Vesthagen 9, 4344 Bryne</p>



DEN NORSKE KYRKJA



DØYPTE

BRYNE KYRKJE


10.11.24 Ola Hegrestad Jørgensen
Ayana Maria Rage
08.12.24 Ellie Bekkeheien
22.12.24 Agnes Laihinen Husebø
12.01.25 Malia Falkeid Stonghaugen

TIME KYRKJE

03.11.24 Ole Ueland
Joar Skimmeland
Alma Erichsen
Herman Andersen
Lycke Monsen
16.11.24 Vetle André Egeland
Ingrid Møen Mellemstrand
Emilie Søviknes Varhaug
Herman Bill Reime
Mathilde Skjæveland
Emil Kverneland
17.11.24 Eira Tjemsland Knudsen
Hedda Madland Haugland
15.12.24 Mie Skretting-Øyen
Varg Winum Thu
25.12.24 Aurora Skårland
12.01.25 Sofie Vinjerud Birkeli
Telma Vikedal
Hanna Thu Helland

UNDHEIM KYRKJE


24.11.24 Ole Egeland
Hugo Taksdal
Alma Martine Høiland
Håkon Reiten Wergeland



VIGDE

TIME KYRKJE

02.11.24 Oda Aarhun og Anders
Aarhun
14.12.24 Rebekka Eirene Sørskår og
Jan Olav Hjelmeland



GRAVLAGDE

Oktober

Dagfinn M Sørskog
Helge Serkved

November

Alvin Aarbakke
Tor Karl Horpestad

Desember

Einar Tjensvoll
Erna Holen
Olaug Grødem
Tove Bjerkreim
Iben Zahl Serigstad
Björg Haugseng
Marit Hundsnes
Mai Brit Pedersen
Georg Bill
Kathe June Ødegård
Gisle Vignes

Januar

Ragna Mellemstrand
Arne Edmund Haraldsvik
Anne Helen Ildstad Kvilhaug
Ingeborg Undheim
Borgny Serigstad



3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt

www.novabegravelse.no

Møyfrid
Hersdal og
Hanne Brit
Sandmark





Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Søndag 9. februar

Time kyrkje

11:00

Bryne kyrkje

11:00

6. søndag i openberingstida

Gudsteneste med tårnagentar.

Mark 13,21-27

Nattverd

Gudsteneste

Dåp, søndagsskule,
konfirmantane deltek

Søndag 16. februar

Undheim kyrkje

10:30

Lye forsamlingshus

10:30

Bryne kyrkje

11:00

Såmannssøndag

Temagudsteneste, Saman i kyrkjelyden - små felleskap

Gudsteneste

Familiefokus

Matt 13,24-30

Dåp, søndagsskule

Nattverd

Søndag 23. februar

Time kyrkje

11:00

Bryne kyrkje

11:00

Kristi forklåringsdag

Gudsteneste

Gudsteneste

Luk 9,28-36

Dåp, søndagsskule

Dåp, nattverd,
søndagsskule

Søndag 2. mars

Undheim kyrkje

10:30

Lye forsamlingshus

10:30

Bryne kyrkje

19:00

Fastelavnssøndag

Gudsteneste

Gudsteneste

Kveldsgudsteneste

Luk 18,31-34

Nattverd,
søndagsskule

Dåp

Nattverd. Saman i samtale rundt bordet v/Lars Slettebø

Søndag 9. mars

Time kyrkje

11:00

Bryne kyrkje

11:00

1. søndag i fastetida

Gudsteneste

Gudsteneste for store og små

Matt 26,36-45

Nattverd, årsmøte,
kyrkjemiddag

Søndag 16. mars

Undheim kyrkje

10:30

Lye forsamlingshus

10:30

Bryne kyrkje

11:00

2. søndag i fastetida

Gudsteneste

Gudsteneste

Gudsteneste

Luk 13,22-30

Dåp, søndagsskule

Dåp, nattverd,
søndagsskule,

Søndag 23. mars

Time kyrkje

11:00

Bryne kyrkje

11:00

Bryne kyrkje

19:00

Maria bodskapsdag

Gudsteneste

Familiefokus

Kveldsgudsteneste

Luk 1,39-45

Nattverd, Påske-
mysteriet. 1.kl. på
trusopplæring

NB på Weekend på
Nordlys

Nattverd. Saman med
kvinner som viser veg
v/ Kristin Tjelle

Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkomen til gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Søndag 30. mars

Undheim kyrkje

10:30

3. søndag i fastetida

Gudsteneste

Luk 22,28-34

Temagudsteneste:
Saman på tvers av
generasjonar -
søndagsskule for store
og små.

Lye forsamlingshus

10:30

Gudsteneste for store og små

Blå kors- speidarar
deltak

Bryne kyrkje

11:00

Gudsteneste for store og små

Nattverd,
Påskemysteriet. 1.kl.
på trusopplæring

Søndag 6. april

Time kyrkje

11:00

Gudsteneste

4. søndag i fastetida

Joh 6,24-36

Dåp, søndagsskule

Bryne kyrkje

18:00

Gudsteneste

Nattverd, prostihelg,
bispedømmet 900 år.

Søndag 13. april

Undheim kyrkje

10:30

Gudsteneste

Palmesøndag

Joh 12,1-13

Dåp, søndagsskule

Lye forsamlingshus

10:30

Gudsteneste

Bryne kyrkje

11:00

Gudsteneste

Dåp, søndagsskule

Lys på gravene

Å setja lys på gravene til våre kjære er ein fin tradisjon. Det er flott å gå på gravplassen å sjå alle lysa som lyser opp og minner oss om dei som ikkje er blant oss lenger.

Dessverre er det eit stort problem at dersom fuglane får tak i desse lysa, kan dei ta dei med seg og sleppa dei frå seg på markene rundt omkring. Dette fører igjen til at metallbitar frå lysa kan koma i føret til dyra og føra til store lidingar og i verste fall avliving/ død.

Alle lys skal derfor stå i lukka lykter for å hindra fuglane i å få tak i dei.

Gravplassforvaltninga i Time

